


# NOR⇄C

NORWEGIAN AGENCY FOR  
EXCHANGE COOPERATION



ÅRSRAPPORT  
2018



NORSK SENTER FOR UTVEKSLINGSSAMARBEID



## INNHALDSLISTE

- 1 Leiarens fråsegn
- 2 Introduksjon til verksemd og hovudtal
- 3 Aktivitetar og resultat i 2018
- 4 Styring og kontroll i verksemda
- 5 Vurdering av framtidsutsikter
- 6 Årsrekneskap



### Norec

Firdavegen 2  
PB 461  
6803 Førde  
[www.norec.no](http://www.norec.no)

Tlf: 57 99 00 00  
E-post: [norec@norec.no](mailto:norec@norec.no)



**@Norec.no**

[www.facebook.com/Norec.no](https://www.facebook.com/Norec.no)



**@Norec.no**

#Norec #Norecnorway



**@Norecno**

#Norec #Norecnorway



**@Norec**

Watch our videos by searching  
"Norec" on [www.vimeo.com](http://www.vimeo.com)

# 1 LEIARENS FRÅSEGN

## 2018: NY BY, NYTT NAMN OG NY INSTRUKS

I Fredskorpsets 55 år lange historie vil 2018 stå att som eit svært annleis år. Vi stengde kontoret i Oslo og opna det att i Førde. Den 16. august ønskte vi næringslivet, frivillige organisasjonar og statlege institusjonar velkomen til vårt nye kontor, der statsråd Nikolai Astrup stod for opninga. I si tale sa han mellom anna «Engasjer dere på vestlandet». Og det har vi gjort!

Eg vil rette ei stor takk til alle tidlegare tilsette i Fredskorpset som slutta i løpet av 2018. Bak denne takk står også tusenvis av tidlegare fredskorpsarar som alle har vore med på å «create change on the ground and in our minds».

Hausten på vestlandet tok oss med storm og med varme frå lokalpolitikarar, næringslivet og frivillige organisasjonar. Vi har møtt høgskular og yrkesfag, vi har møtt maritime foreiningar og produsentar av berekraftig materiale og rein energi. Og alle vi som flytta til Førde har blitt tatt svært godt i mot av lokalsamfunnet. Det er vi takksame for.

Statsråden hadde med ei stor overrasking då han opna kontoret: Eit nytt namn. Etter 55 år som «Fredskorpset» var tida moden for å ta eit namn som reflekterte det vi faktisk jobbar med: Utdeling og internasjonalt samarbeid. Vi er klare for å møte det neste kapittelet i det tidlegare Fredskorpsets historie med namnet Norsk senter for utvekslings-samarbeid – forkorta til Norec.

Dette kapittelet inkluderer ein ny instruks, fastsett i Statsråd 10. august 2018. Det fundamentale prinsippet som Fredskorpset har vore tufta på sidan nyopninga i 2000 består, nemleg gjensidig utveksling av personell mellom verksemdar. Denne modellen er, til tross for sine 18 år i vår organisasjon, framleis unik i verdssamanheng. Dei fleste organisasjonar som jobbar med internasjonalt samarbeid legg berre til rette for utsending av personell, ikkje utveksling. Vi meiner utveksling er grunnlaget for at kunnskap kan bli tilbakeført til eige samfunn.



Vi gjekk inn i 2018 med stor usikkerheit. No kan konstatere at 2018 gjekk bra. Vi har tilsett mange nye kollegaer som valde å flytte til Førde for å jobbe i Norec (og den rekrutteringa gjekk svært bra). Vi har halde kjerneverksemda vår med å legge til rette for utveksling på eit forventa nivå tatt flyttinga i betraktning. Vi har etablert oss i vårt nye kontor, med vårt nye namn, og med ein instruks som presiserer at vi no er eit kompetansesenter for internasjonal utveksling.

Takk til Hege Hertzberg som gjorde den store jobben med å førebu flyttinga. Og takk til alle dei som valde å bli med frå Oslo til Førde. De manifesterer kontinuitet og stabilitet i eit år som elles var prega av endring.

Førde, 1. mars 2019

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Jan Olav Baarøy'.

Jan Olav Baarøy  
Direktør

## 2 INTRODUKSJON TIL VERKSEMD OG HOVUDTAL

### Norec og samfunnsoppdraget vårt

Samfunnsoppdraget til Norec er å medverke til å gjennomføre det overordna målet for Norges samarbeid med utvekslingslanda. Mandatet er fastsett av Stortinget, og stadfestar at Norec skal:

- gjennomføre utvekslingsprogram mellom Norge og samarbeidsland, og mellom ulike samarbeidsland. Programma skal bygge på gjensidige partnerskap.
- vere eit kompetansesenter for utvekslingsverksemd, og aktivt støtte opp om prosjekt-partnarar og utvekslingsdeltakarar med kursverksemd, rettleiing og oppfølging. Norec skal dermed legge til rette for erfaringsutveksling og læring, og bidra til nettverksbygging og utvikling av ungt leiarskap.
- gjennom si utvekslingsverksemd bidra til Norges samla innsats for fagleg samarbeid. På grunnlag av utviklings- og resultatmål som utarbeidast for prosjektpartnerane i fellesskap, skal Norec skape resultat ved tilbakeføring av kunnskap til eige samfunn, styrking av institusjonar, forvaltningsorgan, næringsliv og sivilt samfunn, og engasjement for utvikling.
- strukturere sine utvekslingsprogram slik at utvekslingsdeltakarane bidrar til fagleg utvikling både under utveksling og etter at de kommer heim igjen til eige samfunn.
- gjennom utvekslingsverksemda og det faglege samarbeidet bidra til gjennomføring av 2030-agendaen og berekraftsmåla, irekna globale partnerskap, og legger særleg vekt på å fremme menneskerettar, kvinners rettार og likestilling, klima- og miljøomsyn, og kampen mot korrupsjon.



**Norec skal bidra til ei verd med engasjerte menneske, ansvarlege institusjonar og likeverdige relasjonar.**

Verksemda bygger på tre fundamentale prinsipp:

**GJENSIDIGHEIT** står som en grunnleggande sosial og etisk norm i arbeidet til Norec. Det inneberer mellom anna at prosjekter planleggast og gjennomførast i fellesskap mellom likeverdige partnerar. Prinsippet er også omdanna til handling ved at samtlege partnerar både sender og mottar deltakarar.

**SOLIDARITET** dreier seg om erkjenninga av at dagens politiske og sosiale utfordringar ikkje kjenner nokre landegrenser eller kulturelle barrierar. Vi står saman om å finne felles løysningar.

**LIKEVERD** ligg i hjartet av FNs menneskerettar. Likeverd impliserer også at alle, uansett bakgrunn eller opphav, har kunnskap og verdifulle ressursar å dele med andre.

## STRUKTUR

Norec har kontor i Førde og er organisert med direktør, to avdelingsdirektører og seks team. Ved utgangen av 2018 var det 42 tilsette. Fire av disse hadde fritak fra arbeidspåkt grunna oppseiing frå arbeidsgjevar med grunnlag i flyttevedtaket og ulønna permisjon. Det vart i 2018 utført 37,33 årsverk.


Ved utgangen av 2018 bestod leiinga av direktør Jan Olav Baarøy, avdelingsdirektør stab, analyse og kommunikasjon Morten Rørvik og avdelingsdirektør program Marit Bakken. Hege Hertzberg var konstituert direktør fram til 15. februar. Vigdis Holm var avdelingsdirektør program fram til 1. mars. Øyvind Sunde var avdelingsdirektør stab, analyse og kommunikasjon fram til 1. juli.

Sidan 2002/2003 har Fredskorpset hatt representasjon i Bangkok og Kampala, gjennom lokale firma på konsulentkontrakter. Deira fokus har vore knytt til forundersøkingar i sør-sør programma, samt diverse nettverks- og kursaktivitetar. Desse kontraktane gjekk ut ved utgangen av 2018, og dei er ikkje lenger knytt til Norec.


## TABELL 2 UTVALDE NØKKELTAL

Innsatsfaktorar	Aktivitetar	Produkt/tenester	Brukareffektar	Samfunneffektar
37,33 årsverk Kr 201 213 000 i samla tildeling	Tilrettelegge for internasjonal utveking basert på gjensidighet	Utteksling av 580 unge menneske mellom 226 partnarar i totalt 76 samarbeidsprosjekt	Dei som vert utveksla, utviklar nye ferdigheiter, erfaringar og haldningar. Institusjonar fobetrar sine leveransar og styrkar sine internasjonale nettverk	Uttekslingsdeltakarar og partnarorganisasjonar bidreg i utviklinga av eige lokalmiljø og styrkinga av sivilt samfunn

## Organisering av Fredskorpset (01.01.18 - 31.07.18)



## Mellombels organisering av Norec (01.08.18 - 31.07.19)



TABELL 2 UTVALDE NØKKELTAL

ÅRSTAL	2016	2017	2018
Tal deltakere som reiste ut	543	620	580 <sup>1</sup>
<b>KJØNNFORDELING</b>			
Menn	40 %	40 %	39 %
Kvinner	60 %	60 %	61 %
<b>PARTNARAR FORDELT PÅ SEKTOR</b>			
Privat sektor	15 %	9 %	13 %
Sivilt samfunn	68 %	77 %	73 %
Offentleg/halvoffentleg sektor	17 %	14 %	15 %
<b>GEOGRAFISK FORDELING AV PARTNARAR I SØR</b>			
Øst-Afrika	68 %	55 %	-
Sørlege Afrika	7 %	8 %	-
Afrika (sør for Sahara)	-	-	62 % <sup>2</sup>
Asia	17,5 %	28 %	30 %
Latin-Amerika	7,5 %	9 %	8 %
Prosjekt som involverer MUL-land	70 %	67 %	74 %

TABELL 3 UTVALDE NØKKELTAL FRÅ ÅRSREKNESKAPEN

NØKKELTAL FOR REKNESKAPEN 2016 - 2018	2016	2017	2018
Tal årsverk	34,5	34,24	37,33
Del løn av driftsutgifter	60,49 %	62,61 %	64,9 %
Utgifter til løn per årsverk	809 559	862 329	968 057 <sup>3</sup>
Samla tildeling kap 144.01 Driftsutgifter	47 228´	48 421´	59 213´
Utnyttelsesgrad kap 144.01 Driftsutgifter	94,64 %	93,34 %	93,97 %
Samla tildeling kap 160.77 Utvekslingsordninger <sup>4</sup>	160 289´	143 502´	142 000´
Utnyttelsesgrad kap 160.77 Utvekslingsordninger	99,89 %	88,7 %	71,2 % <sup>5</sup>

<sup>1</sup> Deltakere som har hatt avreisedato i 2018

<sup>2</sup> For å unngå omgrepforvirring og misforståing mellom omgrepa "det sørlege Afrika," "Sør-Afrika," "Aust-Afrika" og "Afrika sør for Sahara" innfører vi frå og med 2018 "Afrika sør for Sahara" som kategori.

<sup>3</sup> Auken i lønsutgifter skuldast overlapp av tilsette, samt utbetaling av sluttpakkar og vederlag.

<sup>4</sup> Inkluderer overføring av ubrukke midlar for 2016 og 2017, men ikkje for 2018.

<sup>5</sup> På grunn av flyttevedtaket og utskifting av tilsette er utnyttelsesgraden 2017 og 2018 lågare, som tidlegare innmeldt.



# 3 AKTIVITETAR OG RESULTAT 2018

Kjerneverksemda til Norec er å legge til rette for utvekslingsprogram og forvalte tilskot til eit mangfald av organisasjonar, institusjonar og verksemdar i Norge og i utviklingsland. Felles for alle prosjekt som får stønad til utveksling av frivillige og tilsette gjennom Norec, er fokuset på unge menneske, organisasjonsutvikling og gjensidig samarbeid mellom partane i gjennomføring av prosjekta.

Her vil vi presentere dokumentasjon av aktivitetar og måling av resultat på dei overordna målsettingane til Norec i 2018. Kjerneoppgåva er vidareført om lag på same nivå i 2018 som i 2017. I vårhalvåret var rekruttering av nye partnarar ikkje ein prioritet, men har hatt forsterka fokus etter flyttinga til Førde.

TABELL 4 UTVALDE NØKKELTAL PÅ UTVEKSLINGSORDNINGAR

NØKKELTAL PÅ UTVEKSLINGSORDNINGAR	2016	2017	2018
Tal deltakarar	543	620	580
Tal samarbeidsland	24	24	24
Tal samarbeidsorganisasjonar	190	200	226
Tal avtalar/prosjekt	60	67	76



## MÅLOMRÅDE 1 – PARTNARSKAP OG UTVEKSLING

2018 var prega av flytteprosessen og stor utskifting av tilsette, prioriteringa har difor vore drift og framleis kvalitet i prosjekta. Fokus i vårhalvåret var dokumentering og erfaringsoverføring. Hausthalvåret hadde fokus på opplæring og igangsetting av nye prosjekt som hadde vore på hald.

### PRIORITERTE OMRÅDE

Norec jobbar med å legge til rette for partnerskap og samarbeid mellom organisasjonar, institusjonar og verksemder. Utvekslingane har i 2018 framleis hovudsakleg vore konsentrert innanfor dei prioriterte sektorane utdanning, helse, næringsliv og siviltt samfunn. Dei tverrgående temaa menneskerettar, rettane til kvinner og likestilling, miljø og klima, og anti-korrupsjon har vore gjennomgåande for alle prosjekt, i større eller mindre grad.

### FAGLEG UTVIKLING

I 2016 og 2017 vart det testa ut nye utvekslingskonsept. Målet var å lære om moglege nye måtar å organisera utvekslingane på for å ha meir kunnskap inn i ny strategiprosess. Det vart gjort ein internevaluering av dette tidleg 2018. Evalueringa viste eit behov for meir fleksible ordningar og individuell tilrettelegging for å best mogleg utnytte utveksling som metode i internasjonalt samarbeid, med utgangspunkt i behovet hos kvar enkelt partnerskap. Dette har lagt eit godt grunnlag for diskusjonar i utforminga av ny strategi og gir høve for ein meir kunnskapsbasert og effektiv forvaltning av Norec sine midlar.



### OVERSIKT OVER FUNN

- Det er større likskapstrekk mellom prosjekta våre når dei vert samanlikna basert på organisasjonstype (organisasjonar, institusjonar og verksemder) enn når dei vert kategorisert innanfor dei tematiske sektorområda. Norec har byrja arbeidet med å strukturere denne kompetansen, og får betre innsikt i felles utfordringar og høve med utvekslingsmetoden for like typar aktørar, uavhengig av fagområde.
- Utvekslingane bør uansett ikkje låsast til ein snever del av ein sektor, då dette ekskluderer potensielt gode partnerskapar. Vi ønsker å nå breiare ut med metoden vår.
- Gjennom pilotprosjektet vart det prøvd ut ulike kombinasjonar i rammeverket for tilskot, noko som mellom anna har resultert i fleire prosjekt som kombinerer utveksling av frivillige og profesjonelle.

### KURS

Alle kurs vart gjennomført etter planen. Norec gjennomførte tre Youth Camp for frivillige deltakarar. Youth Camp i august fann stad i Sogn og Fjordane i samband med den offisielle opninga av kontoret i Førde, og statsråd Astrup deltok. Det er òg gjennomført åtte kurs for deltakarar på veg til utveksling, samt åtte kurs for deltakarar på veg frå utveksling. Desse fann stad på våre kursstader i Kampala, Johannesburg og Bangkok.

Det vart arrangert to kurs for nye partnarkontaktar. Eit i Uganda i april med 26 deltakarar, og eit i Førde i november med 40 deltakarar.

Kursmodellen som vart oppdatert i 2017 har sett seg godt. Særleg det utvida kurset for deltakarar på veg heim frå utveksling fungerer veldig godt og får gode tilbakemeldingar. Dette forsterkar behovet for tydeleg fokus på fasa etter utvekslinga er over, med styrka oppfølging knytt til tilbakeføring av kunnskap og erfaringar til eige samfunn. Dette er eit vidare fokus for 2019.



## NYE SAMARBEID

Etter oppstart i Førde har Norec hatt ei utstrekkt nettverks- og møteverksemd med lokale aktørar innan alle sektorar på Vestlandet. Flyttinga og namnebyttet har generelt gitt mykje positiv merksemd på Norec som verksemd og på utveksling som metode. Vi har motteke fleire førespurnadar frå interessantar enn tidlegare. Behovet for meir fleksible ordningar knytt til bruk av utveksling som metode i internasjonalt samarbeid er tydeleg i møte med potensielle partnerar på Vestlandet.

Det har vore stor pågang av forundersøkingar innan alle sektorar. Dette er både interessantar lokalt på Vestlandet og i Noreg generelt. Det har òg vore fleire førespurnader med konkrete søknader om forundersøkingar frå dei to konsulentane som har jobba med nettverksarbeid for Norec i Asia (India) og Afrika (Uganda).

Ti partnerskap har gjennomført introduksjonsseminar i forundersøkingfasen i 2018 og vi forventar fleire nye utvekslingsprosjekt basert på desse søkarane. To har allereie levert søknad om og fått godkjent samarbeidsavtale.

## DØME PÅ NYE SAMARBEID OG STYRKA FOKUS I PROSJEKTPORTEFØLJA

Etter ein lang prosess med å etablere prosjekt med fokus på **utdanning**, og då særskilt yrkesutdanning, er fire nye avtalar signert i 2018:

- Greveskogen vidaregåande skule og Saigon Tourist Hospitality College i Vietnam, med fokus på å heve kvalitet og anerkjenning av yrkesfag gjennom internasjonalisering. Prosjektet er knytt til service- og restaurant/mat-bransjen.
- Royal Hairstyles Training Academy and Salon i Sør-Afrika og samarbeidet deira med Rift Valley Institute of Business Studies i Kenya. Prosjektet skal heve kvaliteten på frisør og kosmetologiutdanninga dei to tilbyr.
- Universitetet i Sørøst-Norge har inngått samarbeid med Masinde Muliro University of Science and Technology (MMUST) i Kenya og Brien Holden Vision Institute i Sør-Afrika om optometriutdanning.
- Global Academy of Tourism and Hospitality Education (GATE) og partner Pegasus International College. Prosjektet skal heve kvaliteten på kokkeutdanninga i Nepal og Vietnam, med fokus på å auke moglegheitene for betalt arbeid etter avslutta utdanning.

**Næringslivsporteføljen** er utvida med eit spennande samarbeid mellom WEEE-Centre i Kenya og Vohitra Sarl på Madagaskar. Prosjektet er knytt til handtering av elektronisk avfall.



Prosjekta knytte til **ungt leiarskap** og **sivilsamfunnsorganisasjonar** held fram å fokusere på ungdomsmedverknad og utvikling av ungt leiarskap på ulike arenaer.

- Porteføljen har stor tematisk breidde; seksuelle og reproduktive rettar, organisasjonsutvikling, menneskerettar, inkluderande utdanning, økologisk jordbruk, journalistikk, likestilling og rettar for jordlause.
- Den famner ulike grupper unge menneske; kvinner, menneske med ulike funksjonshemmingar, flyktningar, småbrukarar og urfolkbonder, menneskerettsaktivistar frå marginaliserte grupper (lågkaste, religiøse minoritetar), minoritetsungdom og unge i slumområde.
- Norges Handikapforbund og the Federation of Disability Organisations i Malawi har starta opp eit samarbeid i 2018, der dei fokuserer på tilgang til utdanning for unge menneske med ulike funksjonshemmingar.

## MÅLOMRÅDE 2: KOMMUNIKASJON OG NETTVERK

På lik line med programavdelinga, var 2018 prega av flytteprosess og utskifting av tilsette for kommunikasjon og nettverk. Fokus første halvdel av 2018 var vanleg drift, det vil seie stønadsfunksjon for programavdelinga. I tillegg vart det lagt ned ein stor innsats med tanke på dokumentering og overlevering.

Mot slutten av våren 2018 og over sommaren 2018 vart det lagt ned store ressursar for å rekke ei profil- og namneendring til den offisielle opninga i Førde 16. august. Vi prioriterte også å vere synlege i Førde og på sosiale medium.

### Hausten hadde teamet fem prioriteringar:

- Opplæring og kompetanseoverføring av nye tilsette, både på eige team og i resten av Norec.
- Vidare implementering av ny profil og nytt namn.
- Gjennomgang av gamle og etablering av nye rutinar og planar. Med så mange nye var det naturleg med ein gjennomgang. Teamet ønsker ei meir offensiv rolle ut mot partnerar og prosjekt. Nye rutiner er blitt etablert for betre arbeidsflyt mellom kommunikasjon og programavdelingen. Arbeidet held fram i påvente av ny strategi for Norec.
- Løfte internkommunikasjonen. Vi har hatt eit år med mange nyttilsette, mange pendlarar og ulike formar for fjernkontor. Microsoft Teams blei innført for å sikre best mogleg internkommunikasjon. Plattforma fungerer bra, vi merkar betre informasjonsflyt og reduksjon i interne e-postar.
- Gjere oss synlege i Sunnfjord og på Vestlandet. Vi har besøkt verksemder, frivillige organisasjonar og statlege organisasjonar i heile Sunnfjord-området, i tillegg til andre deler av Norge. I tillegg har vi sjølv hatt tre store arrangement i Førde, både aleine og i samarbeid med andre.

I tillegg har vi oppretthaldt normal drift og vidareført samarbeid med Film frå Sør og NABA. I 2018 har Fredskorpset vore nemnt i media 168 gonger, medan Norec har vore nemnt 45 gonger (ifølge søk i atekst).

FREDSKORPSET  
VERT NORSK SENTER FOR  
UTVEKSLINGSSAMARBEID

NOR⇌C

NORWEGIAN AGENCY FOR  
EXCHANGE COOPERATION

### Internasjonale nettverk

Norec har gjennom 2018 haldt fram sitt engasjement med deltaking i ulike forum, utstillingar og konferansar internasjonalt. Modellen vår vekker stor interesse, særleg sør-sør utveksling.

### Analyse og evaluering

Norec satte i 2018 i gang studien What do we know about Exchange for Development? Learning, Institutional Knowledge & Exchanges, som er ei oppsummering av 18 års eigenlæring om utveksling.

Norec har saman med FN's kontor for sør-sør samarbeid skrive publikasjonen Norec South-South and Triangular Cooperation in Action.

## MÅLOMRÅDE 3: FORVALTNING OG ORGANISASJON

Driftsåret 2018 har vore prega av førebuing, gjennomføring og konsolidering av flyttinga av Fredskorpset, seinare Norec, til Førde. I Virksomhets- og flytteplanen for 2018 vart følgande overordna mål meldt inn til Utanriksdepartementet:

- Fredskorpset skal vere operativt i Førde frå 1. august 2018.
- Fredskorpset skal ha stengd kontoret i Oslo innan utgangen av 2018.
- Fredskorpset skal i størst mogleg grad sikre forsvarleg drift i flytteperioden.
- Fredskorpset skal sikre opplæring og kompetanseoverføring til kontoret i Førde.

Norec vart etablert i Førde 1. august 2018, med offisiell opning 16. august. Det var utfordrande å få på plass tilfredsstillande lokale innan tidsramma til flyttinga. Vi løyste det ved å flytte inn i midlertidige lokale i Førde. Samstundes er det starta ein prosess for å kome inn i permanente lokale i løpet av to til tre år med Statsbygg som prosjektleiar. Oslokontoret vart stengd ved årsslutt, men grunna leiekontrakta vert Norec framleigar av desse lokala ut 2020.

Norec har halde fokus på effektivitet, systematikk, kvalitet og kompetanse i organisasjonen gjennom heile flytteprosessen. Det vart lagt til rette for effektiv og målretta sakshandsaming og drift. Det har vi greidd gjennom vidare utvikling av interne styringsstrukturar og -system, samt utvikling av verksemda si samla kompetanse. Dette vart først og fremst sikra ved kompetanseoverføring frå eksisterande organisasjon i Oslo til ny organisasjon i Førde. Tiltaka har mellom anna inneheldt insentivordningar for å få med tilsette frå Oslo til Førde i ein overgangsperiode. Samstundes har andre tilsette har reist mellom Oslo og Førde for å drive opplæring av nyttilsette. Det vart og laga eit omfattande oppstartsprogram for organisasjonen som vart gjennomført i Førde etter flyttinga var realisert i august.



# 4 STYRING OG KONTROLL I VERKSEMMA

## Sikkerheit og beredskap

Med flytting og stor utskifting av tilsette har det vore naturleg å gjere ei vurdering av eksisterande sikkerheitsregime for Norec, særleg med tanke på opplæring og rutinar for sikkerheit på reise. Det vart hausten 2018 etablert kontakt med Seksjon for førebyggjande sikkerheit i UD med formål å få eit tettare sikkerheitssamarbeid på innkjøp, retningslinjer og rutinar.

For deltakarar og partnerkontakter i Norec sine samarbeidsprosjekt har det, som tidlegare, vore gitt ei innføring i kriseberedskap og -planlegging på førebuingskursar.

## Internkontroll

Norec har sikra god økonomistyring, effektiv internkontroll og kvalitetssikring ved å halde på sentrale medarbeidarar i kjerneposisjonar fram til årsslutt. Det har gjort at det i ein skilde stillingar har vore lange overlappsperiodar og ein har hatt tid til å sikre overføring av naudsynt kunnskap og systemkontroll. I 2019 vil Norec fortsette arbeidet med å forbetre risikostyringa i organisasjonen ved revisjon av prosedyrer og policyar.

## Sjukefråvær

Sjukefråværsprosenten i 2018 var på 3,63 % mot 7,78 % i 2017. Sjukefråværet held fram med å halde seg lågt. Vi har som verksemd mål om å halde sjukefråværet under 4 %. Det klarte vi i 2018. Vi jobbar mykje med å inkludere tilsette og har fleire helsefremjande tiltak.

## TABELL 4 UTVALDE NØKKELTAL PÅ UTVEKSLINGSORDNINGAR

SJUKEFRÅVÆR	2016	2017	2018
Eigen- og legemeldt fråvær i %	3,87 %	7,78 %	3,63 %



## 5 VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Norec flytta til Førde som Fredskorpset, og fekk nytt sitt nye namn og instruks gjeldande frå 1.1.2019. Instruksen var ei formalisering av arbeidet vi gjer med aktørane vi har i porteføljen i dag, men også ei vidareutvikling av mandatet vårt. Status som norsk kompetansesenter for utvekslingsamarbeid opnar for nye typar samarbeid, med andre typar aktørar.

Berekraftsmåla og Agenda 2030 er framleis vår store ledestjerne, og mål nummer 17 er det som driv instruksen vår. For å gjennomføre den, må vi erkjenne at det er samarbeid mellom mange ulike land som skaper partnerskap. Vi må passe på at vi ikkje blir for geografisk eller tematisk snever i vår søken etter å konsentrere bistanden.

Vidare er det særskilt tre områder vi vil løfte fram som både spanande, men utfordrande i vurderinga av framtidsutsiktene:

- Utfordringa frå politisk leiing om «å engasjere oss på vestlandet» innan næringslivs-satsing. I løpet av hausten 2018 og vinteren 2019 har Norec møtt svært mange næringslivsaktørar på vestlandet. Mottakinga av Norec har jamt over vore god og interessa stor. Men: Næringslivet på vestlandet består for det meste av små og mellomstore verksemdar, og dei fleste seier at dei ikkje har arbeidskraft å avsjå. At dei vil få ein som hospiterer his seg «i bytte» mot ein av sine eigen, vert for mange, på kort sikt, sett på som meirarbeid, snarare enn eit tilskot. Her må Norec evne til å presentere dei langsiktige gevinstane av utveksling.
- Samarbeid med Kunnskapsbanken og engasjementet med andre offentlege institusjonar. Det er først og fremst svært positivt at Norad og Norec skal samarbeide med å få til kunnskapsoverføring mellom offentlege institusjonar. Det er også positivt at utveksling av personell mellom norske offentlege institusjonar og deira samarbeidspartnarar i ulike land som eit av verkemidla. Erfaringa til Norec med kunnskapsoverføring ved hospitering hos andre institusjonar tilseier at utveksling også mellom offentlege institusjonar vil styrke det institusjonelle arbeidet. Utfordringane inkluderer å få identifisert drivarane for prosjektet internt, og få både dei norske partnerane og deira samarbeidsinstitusjonar i sør til å tenne på at utveksling av personell er ein god idé.



- Uavhengig av instruksen så er det eit tredje område vi skal jobbe godt med for å sikre gode framtidsutsikter. Vi må behalde så mange som råd av dei nye tilsette i Norec. I overgangen frå Oslo til Førde vart 75% av staben skifta ut og mange av dei nyttilsette er i ein tidleg fase av si profesjonelle karriere, og vi skal jobbe aktivt for å få dei til å trivast i Førde og i Norec.

Avslutningsvis vil vi presisere behovet for aktivt samarbeid med alle ambassadane i dei landa vi legg til rette for utveksling. Dette vert særskilt viktig der vi skal samarbeide med Kunnskapsbanken og offentlege institusjonar, samt sørge for at deltakarane i Norec prosjekter opplever minimalt med visumproblem.

# 6 STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

## Føremål

Norec er eit statleg forvaltingsorgan underlagt Utanriksdepartementet. Norec skal ut frå eigen instruks medverke til å gjennomføre det overordna målet for Norge sitt samarbeid med utviklingsland.

## Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagt etter fastsettingar om økonomistyring i staten, tilhøyrande rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement.

Årsrekneskapen gir eit dekkande bilete av verksemda sine disponible tildelingar og rekneskapsførte utgifter, inntekter, fordringar og gjeld.

Norec fører og rapporterer verksemdsrekneskapen ut frå kontantprinsippet, slik det kjem fram av prinsippnoten til årsrekneskapen.

Årsrekneskapen skal gje eit korrekt uttrykk for ressursbruken dette året.

## Vurderingar av vesentlege tilhøve ved årsrekneskapen

I 2018 har Norec hatt eit samla budsjett på 201 213 000 kroner. Dette er fordelt på 59 213 000 kroner i driftsmidlar og 142 000 000 kroner i tilskotsmidlar.

Mindreforbruket på administrasjon i 2018 skuldast delvis lågare lønsutgifter grunna refusjon av foreldre-/sjukepengar, og delvis redusert aktivitet grunna flyttinga av Norec frå Oslo til Førde. Norec har styrt mot eit forbruk på 95 prosent for å kunne overføre midlar til flytterelaterte kostnader i 2018.

Mindreforbruket av tilskotsmidlar skuldast tilbakeføring av midlar på einskildprosjekt, og eit år der Norec i stor grad har fokusert på drift, risikohandtering, utgreiing og flytting. Dette har ført til at det ikkje har vore kapasitet til å bygge opp nye prosjekt like fort som ein hadde ønska.

## Revisjonsordning

Rekneskapen til Norec vert revidert av Riksrevisjonen som stadfestar årsrekneskapen. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per d.d. men det er forventa at revisjonsmeldinga vil vere klar i løpet av 2. kvartal 2019.

## Prinsippnote Årsrekneskap

Årsrekneskapen for Norec er utarbeidd etter statens retningslinjer for økonomistyring. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 4.3.1, nærare bestemt i Finansdepartementets rundskriv R-115.

Verksemda vert omfatta av nettoføringsordninga for budsjettering og rekneskapsføring av meirverdiavgift, i statsforvaltinga gjeldande frå 2015.

Oppstilling av løyvingsrapportering og artskontorrapportering tek utgangspunkt i fråsegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen.

## Rekneskapen følger kalenderår

- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp tilrettelagt for nettføringsordninga for meirverdiavgift i kap. 0144.01.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstilling av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderer med krav i fråsegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal respondere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» skal vere lik i dei to oppstillingane.

Norec er knytt til statens konsernkontoordning i Norges Bank etter krav i fråsegnene pkt 3.8.1. Som bruttobudsjettert verksemd vert ikkje likvidar tilført gjennom året, men har ein trekkrett på eigen konsernkonto. Ved slutten av året vert saldoen på den einskilde oppgjerskonto nullstilt.

## Løyvingsrapportering

Løyvingsrapportering viser rekneskapstal som Norec har rapportert til statsrekneskapen. Det vert stilt opp etter dei kapittel og postar i løyvingsrekneskapen som Norec har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle egedelar og forpliktingar Norec står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev, og overført frå i fjor, for kvar kombinasjon av kapittel og post.

## Artsrapportering

Oppstillinga av artskonto-rapportering er ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser egedeler og gjeld som inngår i mellomverande med statskassen. Artskontorapporteringa viser rekneskapstal som Norec har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Norec har ein trekkrett på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og vert difor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

Førde, 1. mars 2019



Jan Olav Baarøy  
Direktør

## Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2018

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2018	Merutgift (-) og mindretgift
0144	Driftsutgifter	01			59 213 000	55 647 428	3 565 572
0160	Tilskudd	77			142 000 000	101 112 209	40 887 791
1633	Nettoordning for mva i staten	01			0	2 533 184	
<i>Sum utgiftsført</i>					201 213 000	159 292 821	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet tildeling*	Regnskap 2018	Merinntekt og mindreinntekt(-)
5700	Arbeidsgiveravgift - inntekt	72		0	4 431 806	
<i>Sum inntektsført</i>					0	4 431 806

## Netto rapportert til bevilgningsregnskapet

Kapitalkontoer	Norges Bank KK /innbetalinger	Norges Bank KK/utbetalinger	Endring i mellomvarende med statskassen	Sum rapportert
60092101				154 861 015
60092102				7 862 266
701111				-161 559 284
				-1 163 997
				0

Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)	31.12.2018	31.12.2017	Endring
701111	Mellomværende med statskassen	-2 758 290	-1 594 293
			-1 163 997

\* Samlet tildeling skal ikke reduseres med eventuelle avgitte belastningsfullmakter. Se note B for nærmere forklaring.

## Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter			
Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
77 160	0	142 000 000	142 000 000
1 144	2 215 000	56 998 000	59 213 000
		0	0
		0	0

Mal for bevilgningsrapportering og artskontorrapportering med noter

## Virksomhet: U1- Norsk senter for

## Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastningsfullmakter (-)	Merutgifter / mindreinntekter (-) iht. merinntektsfullmakt	Ondisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp*	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
144 01	Driftsutgifter	3 566 000					3 566 000	[5% av årets tildeling i note A]	2 960 000
xxxx21	"kan nytes under post 01"			0			0	[5% av årets tildeling i note A]	
xxxx21	"kan nytes under post 01"			0			0	[5% av årets tildeling i note A]	
xxxx45	"kan overføres"			0			0	[Sum årets og forårets tildeling]	
xxxx70	"overslagsbevilgning"			0	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell		
xxxx75	"overslagsbevilgning"			0	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell		
**Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres". Se årlig rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.									

## Forklaring til bruk av budsjetfullmakter

Mottatte belastningsfullmakter

Stikkordet «kan overføres»

Stikkordet «kan benyttes under»

Stikkordet «overslagsbevilgning»

Avgitte belastningsfullmakter (utgiftsført av andre)

Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger mot tilsvarende merinntekter

Fullmakt til å overskride investeringsbevilgninger mot tilsvarende innsparing under driftsbevilgninger under samme budsjettkapittel

Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger til investeringsformål mot tilsvarende innsparing i de følgende budsjettår

Innsparing i regnskapsåret som følge av bruk av fullmakt til å overskride driftsbevilgninger til investeringsformål mot tilsvarende innsparing i de tre følgende budsjettår

Romertallsvedtak

## Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2018

	Note	2018	2017
<b>Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	0	0
Salgs- og leieinntekter	1	0	0
Andre inntekter	1	0	0
<i>Sum inntekter fra drift</i>		0	0
<b>Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Utbetalinger til lønn	2	36 131 129	29 499 327
Andre utbetalinger til drift	3	27 376 241	25 627 741
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		63 507 371	55 127 068
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>63 507 371</b>	<b>55 127 068</b>
<b>Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	118
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	118
<b>Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Utbetaling til investeringer	5	873 200	0
Utbetaling til kjøp av aksjer	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	1 541	1 756
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		874 741	1 756
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>		<b>874 741</b>	<b>1 639</b>
<b>Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.	6	0	379 914
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		0	379 914
<b>Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	7	92 377 525	118 110 117
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		92 377 525	118 110 117
<b>Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler *</b>			
Grupplivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		0	0
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		4 431 806	3 571 989
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		2 533 184	1 661 178
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapitler</i>		-1 898 621	-1 910 811
<b>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</b>		<b>154 861 015</b>	<b>170 948 099</b>

## Oversikt over mellomværende med statskassen \*\*

Eiendeler og gjeld	2018	2017
Fordringer	29 400	0
Kasse	0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank	0	0
Skyldig skattetrekk	-2 303 498	-1 084 190
Skyldige offentlige avgifter	0	0
Annen gjeld	-484 192	-510 103
<b>Sum mellomværende med statskassen</b>	<b>8</b>	<b>-1 594 293</b>

\* Andre ev. inntekter/utgifter rapportert på felleskapitler spesifiseres på egne linjer ved behov.

\*\* Spesifiser og legg til linjer ved behov.

## Kontrollsum:

154 861 015

154 861 015

0

## Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid

## KONTI: Note 1 Innbetalinger fra drift

	31.12.2018	31.12.2017
<i>Innbetalinger fra gebyrer</i>		
<b>Sum inntekter fra gebyrer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>		
<b>Sum inntekter fra tilskudd og overføringer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Salgs- og leieinntekter</i>		
<b>Sum salgs- og leieinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Andre inntekter</i>		
<b>Sum andre inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum inntekter fra drift</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid

## Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2018	31.12.2017
Lønn	29 478 807	23 262 125
Arbeidsgiveravgift	4 431 806	3 571 989
Pensjonsutgifter*	2 690 447	2 386 832
Sykepenges og andre refusjoner (-)	-1 399 259	-967 931
Andre ytelser	929 328	1 246 312
<b>Sum utbetalinger til lønn</b>	<b>36 131 129</b>	<b>29 499 327</b>
<b>Antall årsverk:</b>	<b>37,33</b>	<b>34,24</b>



**Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid**

**Note 3 Andre utbetalinger til drift**

	31.12.2018	31.12.2017
Husleie	3 667 129	2 756 265
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	715 070	17 213
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	692 270	439 117
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	4 285	5 008
Mindre utstysanskaffelser	776 562	196 021
Leie av maskiner, inventar og lignende	1 131 557	1 243 753
Kjøp av fremmede tjenester	6 086 888	6 579 095
Reiser og diett	3 560 902	2 477 958
Øvrige driftsutgifter	10 741 579	11 913 311
<b>Sum andre utbetalinger til drift</b>	<b>27 376 241</b>	<b>25 627 741</b>

**Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid**

**Note 4 Finansinntekter og finansutgifter**

	31.12.2018	31.12.2017
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	118
Annen finansinntekt	0	0
<b>Sum innbetaling av finansinntekter</b>	<b>0</b>	<b>118</b>

	31.12.2018	31.12.2017
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	1 541	1 756
Valutatap	0	0
Annen finansutgift	0	0
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>1 541</b>	<b>1 756</b>

**Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid**

**Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer**

	31.12.2018	31.12.2017
<i>Utbetaling til investeringer</i>		
Immaterielle eiendeler og lignende	237 230	0
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Beredskapsanskaffelser	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	0	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	635 969	0
<b>Sum utbetaling til investeringer</b>	<b>873 200</b>	<b>0</b>

	31.12.2018	31.12.2017
<i>Utbetaling til kjøp av aksjer</i>		
Kapitalinnskudd	0	0
Obligasjoner	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	0	0
<b>Sum utbetaling til kjøp av aksjer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid**

**Note 6 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten**

	31.12.2018	31.12.2017
Tilfeldige og andre inntekter	0	379 914
<b>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>	<b>0</b>	<b>379 914</b>

**Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid**

**Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten**

	31.12.2018	31.12.2017
Tilskudd til kommuner, Forundersøkelser	3 445 230	6 622 747
Tilskudd til fylkeskommuner, Forundersøkelser	300 000	19 680
Tilskudd til ikke-finansielle foretak, Forundersøkelser	2 464 999	3 555 676
Tilskudd til ideelle organisasjoner, Forundersøkelser	36 736 130	41 145 084
Tilskudd til statsforvaltningen, Forundersøkelser	10 897 554	18 727 052
Tilskudd FU Sør/Sør	38 533 612	48 039 877
<b>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>	<b>92 377 525</b>	<b>118 110 117</b>

## Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen.

## Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2018	31.12.2018	Forskjell
	Spesifisering av bokført avregning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringer i aksjer og andeler*	0	0	0
Obligasjoner	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Omløpsmidler</b>			
Kundefordringer	212 216	0	212 216
Andre fordringer	29 400	29 400	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>241 616</b>	<b>29 400</b>	<b>212 216</b>
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	-2 474 799	0	-2 474 799
Skyldig skattetrekk	-2 228 023	-2 303 498	75 475
Skyldige offentlige avgifter	0	0	0
Annen kortsiktig gjeld	-32 698	-484 192	451 494
<b>Sum</b>	<b>-4 735 520</b>	<b>-2 787 690</b>	<b>-1 947 830</b>
<b>Sum</b>	<b>-4 493 904</b>	<b>-2 758 290</b>	<b>-1 735 614</b>

\* Virksomheter som eier finansielle anleggsmidler i form av investeringer i aksjer og selskapsandeler fyller også ut note 8 B

## Del B Spesifisering av investeringer i aksjer og selskapsandeler

Aksjer	Ervervsdato	Antall aksjer	Eierandel	Stemmeandel	Årets resultat i selskapet	Balansført egenkapital i selskapet	Balansført verdi i regnskap*
Selskap 1							
Selskap 2							
Selskap 3							
<b>Balansført verdi 31.12.2018</b>							<b>0</b>

\* Investeringer i aksjer er bokført til anskaffelseskost. Balansført verdi er den samme i både virksomhetens kontospesifikasjon og kapitalregnskapet.

Ved utfylling av note 8, del B skal tall fra selskapets siste avlagte årsregnskap benyttes. Det vil forekomme at selskap som virksomheten har eierandeler i ikke har offentliggjort sitt årsresultat før virksomhetens frist for oversendelse av årsrapport med tilhørende årsregnskap (så snart det foreligger og innen 15. mars). Ved utfylling av noten kan dere benytte tall fra selskapets årsregnskap for året før. Om det ikke benyttes regnskapstall fra siste år bør dette opplyses om i noten.